

Referat fellesmøte Utdanningsutval, og FOU utvalet ved FHS

Dato: 23.5.23 Del 1 felles med FOU møte kl. 09:00-10:30 deretter var møtet delt

Deltakere:

Frå Utdanningsutvalet: Unni Margrethe Uren Aasen, Torill Forbord-NTNU, Margaret Søvik, Johannes Haltbakk, Cecilie Thaule Løvliid og Hilde Kristin Tveit (ref).

Frå FOUI- utvalet: Christine Øye, Monica Wammen Nortvedt, Lennart Lorås, Anette Fagertun, Kiri Lovise Njøten, Monica Unsøgaard Tondel, Clarie Glenton (vararep), Monica Unsøgaard Tøndel og Rachel Gershuny Berge

Forfall: Hanne Kristin Tuntland, Maria Knudsen (stud.), Anne Britt Vika Nilsen, Hege Almeland Hansen, , Hilde Almås Bø (stud.), Kristin Senneset

Referat frå sist møte i [UU, FHS 7.3.23](#)

Del 1 – Fellesmøte med FOU utvalet. <https://hvl.zoom.us/j/63967450803?pwd=dVdDSDdCOG5TOHBxYnkwUDR2QmwyQT09>

Del 2. Hvert møte fortsetter med egen del for seg. Utdanningsutvalet FHS går over til et annet Teamsrom:

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Er det saker til eventuelt?	Prodekan	5 min
Referat: Innkalling og saksliste blei godkjent.				
2/23 Projekt: Kunstig intelligens og mogelege konsekvensar for HVL	Vedlegg i Teams:	Prosjektarbeidet presenterast for utvala. Det skal gjerast ei kartlegging av mogelege konsekvensar dette får for	Prodekan orienterer	40 min

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

	<p>Kunstig intelligens og mogelege konsekvensar for HVL</p> <p><u>NTNU forbyr bruk av ChatGPT på eksamen.</u> <u>— Nødvendig å nevne det eksplisitt (khrono.no)</u></p> <p><u>OSCE eksamen</u></p>	<p>gjennomføring av eksamen, kompetansesutvikling og vurdering.</p> <p>Utvala bes om å kome med innspel på mogelege konsekvensar som Chat GPT, bildegeneratorer og andre verktøy kan ha på vurdering.</p>		
--	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--	--

Referat:

Det er sett ned eit utval som skal sjå på mogelege konsekvensar kunstig intelligens har på eksamen og vurdering, undervising, forsking og administrasjon. Er det trusler eller muligheter? Gruppa skal levere før jul.

Kommentarar frå utvala:

- Kva for tilnærming og metodikk skal gruppa ha?
- Pedagogisk mappe og læring – korleis nyttar dei unge kunstig intelligens. Kva for innverknad får dette på heimeeksamen?
- Munnleg eksamen er kostnadskrevjande – er det ressursar til å nytta justerande munnleg eksamen
- Kan dei tilsette ha ei utprøving av dei faglege tilsette på ein slik tekst?
- NTNU tillet ikkje KI på eksamen – det står i den generelle teksten at KI reknast som juks. Dei kan ikkje kontrollere bruken – plagiering klarer heller ikkje å fange opp dette. Arbeidsgruppa sentralt jobbar med korleis ein kan nytta KI på undervisning og eksamen på ei lovleg måte? Plagiering kjem sist i rekka for Sikt. Dei har ikkje endra vurderingsform for 2023.
- Kva gjer vi med alle heimeeksamenen ? Kva gjer vi? Referansane bør sjekkast men er krevjande om det er nytta KI i oppgåvene.
- Korleis nytta KI verktøyet på ein god måte? Det vil krevje opplæring av fagleg tilsette.
- Det skjer store endringar innan dette feltet. Innan utdanning er dette spesielt viktig sidan studentane skal ut i eit yrke.
- For forskinga er det og utfordringar. Oppsummering kan gjerast på norsk frå t.d. franske fagartikklar. KI betraktast som eit paradigmeskifte. Vi må prøve det ut slik at vi veit kva dette inneber.
- Vi bør utvikle overordna prinsipp knytt til KI. Det bør utviklast eit samla regelverk for både studentar og forskarar.
- Studentar, tilsette og forskarar må få opplæring i KI.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

- Er det gjort tiltak for studentane? Emneansvarlege gjer ulike ting. Studentane seier at dei har nytta dette verktøyet lenge. Saka har vore diskutert i Utdanningsutvalet HVL. Mange forskrarar ser også at dette er revolusjonerande.
- KI baserer seg på tidlegare materiale – kjønn og etnisitet kan til dømes forplante seg vidare. Kan KI gjere ei kunnskapsoppsummering? Det bygger seg opp og fleire system jobbar saman. Temaet vil bli diskutert vidare i ulike møte.
- Kva med kritisk vurdering av forsking og mogelege konsekvensar?
- Kva med essay formatet?
- Etikk og kritisk refleksjon blir så viktig når ein nyttar KI. Vi må utdanna studentar til kritisk refleksjon. At studentane kan ta stilling til kunnskap blir ennå viktigare.
- Innføring i kunstig intelligens. Kan vi /HVL utforme eit eiga emne om dette? Kva med eit nett emne som dei tilsette kan ta? Det bør vere ei kollektiv innsats ved HVL – vi går i lag framover der vi iverterar den kritiske diskursen. Dette haster og må gjerast no.
- Forskarar nyttar allereie kunstig intelligens i kunnskapsoppsummeringar. Kva med studentane?
- Skal masterstudentane også kunne gjøre dette? Blir vi därlegare ved å nytte KI?

Utvala ber om at innspela tas med vidare. HVL bør ikkje skilje mellom studentar og forskrarar. Det bør lagast til ei webinar rekke som er retta mot studentar og tilsette slik at vi kan sette oss inn i KI. Det bør utviklast ei brukarrettleiing til verktøya. Det bør informerast tydeleg om dette på KI på nettsidene til HVL. Det bør også informerast om KI på eksamens sidene og i [retningslinjer for fusk](#).

3/23 Bruk av masterportalen	Vedlegg ligg i Teams:	Prosjektleiar for masterportalen går gjennom masterportalen. Utvala inviterast til å kome med innspel på korleis involvere studentar i forsking og forskingsgruppene.	Ola Alsterholm presenterer masterportalen.	09.40 – 09.55
------------------------------------	-----------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--------------------------------------------	---------------

Referat:

Masterportal blei etterspurt av FIN. Det har blitt utvikla ein portal som er blitt testa ut i ei lengre pilotperiode.

Tilsette og studentar får ulike tilgangar. Dei fleste kan logge seg inn. Emneansvarleg får meir tilgang.

I løpet av juni blir Masterportalen marknadsført.

- Ekstern brukar kan leggje inn forslag til prosjektskisse eller ide for ei oppgåve. Eksterne får leggje inn avgrensa tekst.
- Interne kan leggje inn meir tekst. Dei kan også leggje til eit studieprogram eller forskingsgrupper.
- Emneansvarleg fårstatus og kan sjå kva som må gjerast

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

- Emneansvarleg kan tildele student og rettleiar prosjektskisse. Dei kan sjå kven som har oppretta skissa og kven av rettleiarane som har godkjent skissa
- Studentar som sjølv legg inn ei prosjektskisse må alltid få denne godkjent av emneansvarleg/tilsett
- Det vert oppretta frist for påmelding til en skisse
- Studentane kan få kome med ynskje om rettleiar eller tema
- Tilsette/emneansvarleg kan purre på innlevering av skisse, rettleatingskontrakter mm.
- Frist for innlevering av masteroppgåva kan leggjast inn
- Fagleg tilsette kan sjå kven som har fått tildelt skissene. Studentane kan melde seg på fleire skisser – men må då prioritere skissene.
- Tildelt rettleiar og studentar kan signere på rettleiarkontrakten digitalt og vi unngår papirversjonar.
- Det er store ulikskapar. Nokre studentar nyttar eit eller to semester på masteroppgåva. Nokre studentar lager prosjektskissa sjølv.

Kommentarar frå utvala:

- Det har vore ei nytig gjennomgang
- Kan studenten velje eit prosjekt som rettleiar ikkje ynsker? Svar: Emneansvarlig bestemmer kven av studentane som skal få de ulike prosjekta. Det er mogeleg å seie at denne studenten ikkje er eigna, men at han/ho kan få andre type oppgåver. Samarbeid mellom rettleiar og student er viktig. Masterportalen skal være hjelptil et godt samarbeid! Etter eit seminar kan studentar gå inn og velje skisse i masterportalen.
- Emneansvarleg kan sjå kven av rettleiarane som har vore inne og sett på skissene og kva for oppgåve dei vil vere rettleiar på.
- Eksterne samarbeidspartnar_ Korleis får dei tilgang til portalen? Svar: Det er ikkje marknadsført kopling med eksterne. Men det er mogeleg for pålogging (personleg) – dei kan også sjå kven andre som har meldt inn skisser.
- Er det hinder i vegen når det gjeld data handtering og avtaler? Er den type godkjenning lagt inn i systemet? Svar: Dei det er ikkje lagt inn. Men er eit godt poeng. Kan vere elektronisk PDF signering til dømes.
- Rettleiar skal vere frå HVL – kan vi opne for at andre er rettleiar? Svar: Det kan leggast inn ei ekstra rettleiar.
- Kva er status på Digital signering? Svar: I masterportalen er dette på plass. Arbeidet liggjer (er avhengig av Adobe eller Visma).
- Viktig at dette er kopla til forskingsgruppene. Er det knytt til phd kandidatar og større prosjekter? Svar: Det kan være fleire studentar i same prosjekt (studentane har ulike fokus på ulike tema i same prosjekt). Dei kan lære mykje av kvarandre.
- Kan ei lage eit overordna prosjekt? Svar: Den enkleste måten er å ta det vidare i forskingsgruppene sidan fakulteta er ulikt organisert. Det kan opprettast ei overordna skisse med nokre under oppgåver.
- Det kan utviklast og nyttast til Bacheloroppgåva også.

Oppsummering

Utvala er nøgd med korleis Masterportalen er utforma. Korleis masterportalen skal implementerast i FHS, og kven som fyljer opp dette vidare bør avklarast

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

4/23 Orientering	Vedlegg ligg i Teams:	<ul style="list-style-type: none"> Målet er å utvikle felles rutiner for samarbeid om forskning mellom FHS og helseføretak, NAV, kommunar osb. Neste møte saman med FOUI utvalet blir enten 12. eller 23. mai 2024 	Prodekan orienterer og innleiar til diskusjon.	5 min
Referat: Neste fellesmøte mellom UU og FOUI utvalet settast til 23. mai 2024				
Saker for FOU utvalet	Vedlegg ligg i Teams:	Utvalet får desse sakene til orientering: <ul style="list-style-type: none"> Program for forskarforum FOUI Diverse orienteringar: kompetansestipend, utanlandsstipend, FoUI-tildeling 	Prodekan for forsking orienterer	20 min
Referat:				
Saker for Utdanningsutvalet	Vedlegg:	<ul style="list-style-type: none"> Studieportefølje <ul style="list-style-type: none"> ø sjøkartal SO og lokalt opptak E-helsearena Status Helse-Expo 	Prodekan for utdanning orienterer	5 min
Referat: Prodekan orienterte kort om Studieportefølje og kva for utdanninger som er farga gule og raude i den nye trafikklysmodellen. Trafikklysmodellen skal gi råd til vurdering av studieprogramma. Samordna opptak: Sjukepleie våropptak i Førde, og desentralisert sjukepleie i Haugesund, Stord og i Førde blitt farga raudt og gult. FHS held på nå med å vurdere desse utdanningane og vurdere om det blir opptak eller ikkje. Sosialt arbeid i Sogndal ligger også på gult. Mange studentar har prioritert Bergen som nr 1 og Sogndal som nr. 2. Ei typisk trend er at deltidsutdanninga i vernepleie rekrutterer godt. Dei har gått opp frå i fjor. Barnevernudanninga har hatt høg søknad i fjor. Dei held seg på grønt i år.				

Fakultet for helse- og sosialvitskap

Eit viktig spørsmål er om vi kan utarbeide fleksible studiemodellar. Kan vi organisere utdanningane på ein annan måte som kan legge til rette for andre typar søkerar?

NTNU er i same situasjon som HVL der dei går gjennom porteføljen. Det er mogeleg at dei må leggje ned studieprogram.

Lokalt opptak:

Pedagogisk rettleiing - utdanninga skal gå sjølv om det er få søkerar. HVL har forplikta å tilby utdanninga for praksisfeltet.

Mange masterprogram har låge tall. Medrekna studentar som tar påbygg, vert det vurdert om programma likevel vil gå.

Master i KBP – skal gjere ei større gjennomgang for å sjå korleis dei kan jobbe videre med å rekruttera fleire studentar. Ein har marknadsført dette mot helseføretaka og kommunar, men får likevel få søkerar. Studieretning ergoterapi og radiografi er på deltid med to samlingar. FHS konkurrerer med UiB på fulltid.

Master i sosialvitskap skal gjerast om til deltid.

UiB har starta to mastergrader; i Barnevern og Barnevernsarbeid – begge på fulltid.

NTNU tilbyr master i Barnevern.

Det er ønskeleg å rekruttere fleire ergoterapeutar til å ta mastergrad, særleg frå kommunehelsetenesta. Det har vært jobba med marknadsføring av masterprogram før søknadsfristen i vinter. Fleire ergoterapeutar er interessert i mastergrad, men ikkje nødvendigvis master i kunnskapsbasert praksis.

- E-helsearena ligger nå under Simarena
- Helse EXPO, arbeidsgruppa har hatt eitt møte. Neste møte er 19. juni.